

## **Telemedisinsk utstyr som ikkje fungerte**

Ein pasient kom inn til eit lokalsjukehus med mistanke om hjerneslag. Når pasientane er på lokalsjukehusa, skal tilsette på lokalsjukehuset ta kontakt med nevrolog på sentralsjukehuset via teleslagutstyr. Då dei tilsette kopla opp utstyret denne dagen, fungerte det ikkje. Dei måtte då leite etter personell som kunne rette feilen. Dei fekk etter kvart orden på utstyret, men hos pasientar med hjerneslag hastar det med å få avklare diagnosen. Denne hendinga fekk likevel ingen konsekvens for behandlinga av denne pasienten.

### **Årsaksvurdering:**

Utstyret blir testa kvar fredag ettermiddag. Det var gjort, og det var funne at utstyret ikkje fungerte denne fredagen. Pasienten kom til sjukehuset tysdagen etter, då var feilen framleis ikkje ordna opp i. Dei som oppdaga feilen, hadde gitt beskjed vidare, og trudde feilen var ordna opp i. Men det var ikkje gitt beskjed til rett person. Dei tilsette visste ikkje heilt kven dei skulle kontakte om det var problem, og det var ingen som hadde teke ansvaret for å ordne opp i problemet.

### **Strakstiltak:**

Personell på lokalsjukehuset med kompetanse på teleutstyr vart kontakta, og desse fann feilen i ein koplingsboks i korridoren. Pasienten fekk deretter behandlinga si.

### **Førebyggjande tiltak:**

Ved driftsvanskar/tekniske problem med videoutstyret skal alltid Norsk Helsenett kontaktast på tlf. 02017. Dei har vakt heile døgnet, året rundt. Dette skal informerast om på personalmøter og med plakat på akuttrommet.

Ved feil på utstyret, skal ny test gjerast same dag som reparasjonen er gjort.

### **Pasienttryggingsutvalet (PTU) si vurdering:**

PTU er godt nøgd med at lokalsjukehusa har fått teleslagutstyr som er med på å trygge rask og god pasientbehandling. Kvaliteten på pasientbehandlinga av slagpasientar har blitt mykje betre med dette utstyret. Men utstyret må vere i orden, og den som oppdagar at utstyret ikkje er i orden, må sikre seg at det blir varsla til nokon som følgjer opp hendinga. PTU er trygg på at denne hendinga har ført til at prosedyrane kring sjekk av utstyret er forbetra. Nummeret til Norsk Helsenett blir, som resultat av denne hendinga, formidla ut til alle tilsette.